



DET KONGELIGE DIGITALISERINGS-
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Digitaliseringsdirektoratet
Postboks 1382 Vika
0114 OSLO

Deres ref

Vår ref
25/2333-20

Dato
13. mars 2026

Statsbudsjettet 2026 – Digitaliseringsdirektoratet – supplerende tildelingsbrev nr. 2

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til tildelingsbrev for Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) for 2026. Dette supplerende tildelingsbrevet inneholdt følgende:

1. Bruken av fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarende innsparing i etterfølgjande budsjettår
2. Overføring av ubrukte løyvingar frå 2025 til 2026
3. Vurdering av effektivisering av ressursbruk i verksemda

1. Bruken av fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarende innsparing i etterfølgjande budsjettår

DFD viser til delegert fullmakt i tildelingsbrevet for 2025 pkt. 7.5. Årsregnskapet for 2025 syner at Digdir i 2025 nytta fullmakta med ei samla overskriding på kap. 1540, post 23 tilsvarende 14,1 mill. kroner.

I følgje rundskriv R-110, pkt. 2.6 må innsparinga utgjere minst ein tredjedel av overskridinga i første påfølgjande år og minst to tredjedelar av samla overskriding ved utløpet av andre budsjettår. Departementet legg til grunn at Digdir i 2026 set i verk ei innsparing på kap. 1540, post 23 på minst 4,7 mill. kroner i 2026.

2. Overføring av ubrukte løyvingar frå 2025 til 2026

Finansdepartementet har godkjent overføring av følgjande ubrukte løyvingar frå 2025 til 2026:

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdeling for
digitaliseringspolitikk

Saksbehandler
Ragnhild Sund
22 24 72 76

Overførte ubrukte løyvingar for kap. 1540 Digitaliseringsdirektoratet, beløp i 1000 kr

Post	Nemning	Overført beløp
25	Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt, kan overførast	116 284
26	StimuLab, kan overførast	2 246

Midlane stilles til disposisjon for Digitaliseringsdirektoratet.

3. Vurdering av effektivisering av ressursbruk i verksemda

DFD viser til tildelingsbrev for 2026, punkt 3.3 om at gode og sikre fellesløysingar er ein viktig føresetnad for ei samordna og effektiv digitalisering av offentleg sektor og offentleg sektors tenester. Vi viser òg til pågåande dialog om prioriteringar, bruk av ressursar og effektivisering i verksemda.

I samband med dette ber DFD Digdir gjere vurderingar knytt til effektivisering av ressursbruken i forvaltninga av direktoratets fellesløysingar og oppgåvene i verksemda i stort. Vi ber òg Digdir vurdere om det er oppgåver med lav samfunnsøkonomisk nytte som kan avviklast. Digdir må grunngje vurderingane og ev. kvifor tiltak ikkje vurderast eller anbefalast.

DFD vil gjera greie rammer for oppdraget i eit møte.

Frist for innspel er seinast 15. mai.

Med hilsen

Siri Halvorsen (e.f.)
ekspedisjonssjef

Timothy Szlachetko
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Riksrevisjonen